



Ein av dei mange unge langrennsløparane i Uskedalen, Tord Sæle. Her i godt driv og med drømmeforhold under KM på Skjeldal sist søndag. (Foto: Kjersti Bråtun.)

Det er nydelege skiforhold i Fjellhaugen, og det merkast på aktiviteten. No er det endeleg full fres i skikarusellen, og det er noko som dei mange treningsvillige langrennsløparane har venta på. I morgon kveld, onsdag, er det klart for kveldsrenn med Rosendal Turnlag som arrangør, og søndag 17.februar går det utsette SPAR-rennet av stabelen.

SPAR-rennet er eit sprintrenn med prolog og full pakke elles. Som namnet indikerer vert det sponsa av SPAR Uskedalen som er ein god støttespelar for mange deler av lagsaktivitetane i bygda.

Rennet skulle vore arrangert tidlegare i vinter, men måtte då utsetjast på grunn av lite samarbeidsvillige ver- og føreforhold. No har vergudane som kjent snudd heilt om, viser seg frå ei heilt anna side og det er drømmeforhold i Fjellhaugen skisenter der rennet går!! Det ligg til rette for ein fantastisk skisøndag!!

Les meir om rennet på Uskedal idrettslag si heimeside ved å klikke på lenkja under:
http://www.uskedalil.no/uil/Nytt-frå-skigruppa/Travel-skiveke/cid/a26465_31119/

Tekst: Thor Inge Døsland